

Kontrollutvalet sin rapport for 2025

I samsvar med NIF si lov § 2-12 har kontrollutvalet i Valldal Idrettslag utarbeidd sin rapport.

Kontrollutvalet skal kontrollere at styret utfører dei oppgåvene styret er tildelt etter VIL si lov.

Vi har utført følgjande handlingar:

Vi har gått gjennom protokoll frå årsmøtet, styret sine protokollar, samt andre dokument som utvalet har funne det nødvendig å gjennomgå. Vi har fått alle opplysningar vi har bedt om. Vi har gått gjennom styret sin årsrapport for 2025 og den styrehandsama årsrekneskapen for 2025.

Vi har utført rekneskapsrevisjon og kontrollert resultatrekneskap, balanse og notar. Kostnader er med grunnlag i stikkprøver kontrollert for attestasjon og dokumentasjon, og vesentlege inntekter er kontrollert mot avtalar og anna dokumentasjon. Kontrollerte kostnader og inntekter gjeld for inneverande rekneskapsår,

Balansen viser VIL sine verdiar og balanseverdiar er kontrollert mot underliggende dokumentasjon. Alle balanseverdiar er reelle per 31.12. Vi har vurdert at notane gir dei opplysningane som er av betydning for å bedømme VIL si stilling og resultat.

Rekneskapen viser eit overskot på kr 156 087,-, og ved årsavslutning 2025 auka den frie eigenkapitalen med kr 156 088,-.

Kontrollutvalet har følgjande merknader til forvaltninga av VIL:

Basert på det materialet vi har fått lagt fram, er det ikkje grunnlag for ytterlegare merknader utover det som går fram av denne rapporten.

Kontrollutvalet har følgjande merknader til rekneskapen slik den er lagd fram:


Vi har merka oss at VIL også i år har eit solid positivt resultat. Noko som tyder på god styring. Det blei stilt spørsmål rundt mva-registrering, og etter ei samla vurderinga er idrettslaget under grensene for mva-registrering.


Kontrollutvalet har ingen merknad til rekneskapen slik den er lagd fram.

Konklusjon

Det er kontrollutvalet sin konklusjon at styret har utført dei oppgåvene det er tildelt etter lova, og kontrollutvalet tilrår at styret sin rapport og VIL sin årsrekneskap for 2025 vert godkjent av årsmøtet.

Valldal 23.03.26.


Per Magnus Berdal


Linda Gjerde Myren